

148 UTO4

149 **Palestinarane sin kamp er også vår****Forslagsstiller** Fylkesstyret**Innstilling****Votering** For Mot Avholdende

150

151 Israels krig mot Gaza blir ført med ein brutalitet som overgår det meste verda har sett.  
 152 Verken sivile liv eller sivil infrastruktur, som bustadblokker, sjukehus og skular, blir spart. Eit  
 153 lite, tett folkesett område har blitt bomba med det som tilsvarer meir enn to Hiroshima-  
 154 atombomber. Størstedelen av innbyggerane har blitt drivne stadig lenger sørover på  
 155 Gazastripa. Ein forsterka blokade hindrar naudhjelp i å koma inn, og mangelen på mat, vatn  
 156 og medisinar er akutt.

157 Krigføringa og tvangsfordringa utgjer klare brot på folkeretten. Israel gjer seg skuldige i  
 158 krigsbrotsverk og etnisk reinsing, og står no tiltalt for folkemord i FN-domstolen. Domstolen  
 159 har vurdert at sannsynet for at krigshandlingane og blokaden utgjer folkemord, er såpass  
 160 sterkt at dei har opna sak.

161 Trass i dei openberre brota mot internasjonal rett, har reaksjonane frå vestlege land vore  
 162 svake. Sentrale land som USA, Storbritannia og Tyskland forsvarer tvert imot Israels  
 163 krigføring. USA er Israels viktigaste støttespelar og leverer stadig nye våpen. Rett etter at  
 164 FN-domstolen opna sak mot Israel og mellom anna kravde at mykje meir naudhjelp måtte  
 165 koma inn i Gaza, gjekk 16 vestlege land motsett veg og trekte all støtte til FN-  
 166 organisasjonen UNRWA, som er den viktigaste humanitære organisasjonen for  
 167 palestinarane.

168 Vestlege land likar å sjå på seg sjølv som dei fremste forsvararane av menneskerettane og  
 169 folkeretten. Ved å direkte og indirekte støtta Israels krig mot Gaza har dei mista det  
 170 truverdet dei kan ha hatt i så måte. Det har blitt tydeleg for alle som vil sjå, at vestlege lands  
 171 utanrikspolitikk er styrt av makt og interesser.

172 Innlandet SV meiner at eit truverdig forsvar av folkeretten og menneskerettane berre er  
 173 mogleg når ein er konsekvent og ser på dei som universelle rettar – at dei gjeld alle. Det  
 174 betyr også at grove brot på desse reglane må få konsekvensar, uavhengig av kven som står  
 175 bak. Når dette ikkje skjer, blir terskelen for å bryta internasjonal rett lågare også i andre  
 176 tilfelle, og andre aktørar vil kunna peika på vestleg dobbeltmoral for å prøva å  
 177 rettfærdiggjera sine egne brotsverk. Dette fører oss inn i ei farlegare verd der den sterkaste  
 178 sin rett avløyser dei siviliserande reglane som folkeretten og menneskerettane er.

179 Noreg har vore i fremste rekke blant vestlege land i kritikken av Israel, og den norske  
180 regjeringa har sjølv åtvare mot vestleg dobbeltmoral. Likevel er heller ikkje norsk  
181 utanrikspolitikk upåverka av denne. Regjeringa avviser alle forslag til sanksjonar mot Israels  
182 krigføring, delvis grunngitt i at det ikkje finst internasjonale sanksjonar vedtatt av FNs  
183 tryggingråd eller EU. Årsaka til at det ikkje blir vedtatt slike internasjonale sanksjonar er  
184 openberr: USA vil leggja ned veto i Tryggingrådet, og leiande EU-land er totalt avvisande til  
185 at Israels krigsbrottsverk skal få konsekvensar.

186 Norsk utanrikspolitikk er i stor grad underordna USA sine haldningar og interesser. Den tette  
187 tilknytninga til USA, dels gjennom Nato-medlemskapet, gjer at norske regjeringar ikkje vågar  
188 å utfordra USA. Det ser me tydeleg i denne saka. Å gjera Noreg stadig meir avhengig av USA  
189 er ikkje berre ein risikabel strategi for norsk sikkerheit. Det gjer også norsk utanrikspolitikk  
190 mindre solidarisk og mindre støttande til internasjonal rett – i strid med våre egne  
191 interesser som ein liten stat i verda.

192 Innlandet SVs solidaritet går til alle dei som kjempar mot folkerettsstridig krig og  
193 okkupasjon. Me avviser at Noreg skal vera underlagt stormakters jag etter å dominera  
194 andre. Det er på tide med ein konsekvent utanrikspolitikk som set alle menneskeliv like  
195 høgt, og som forsvarer folkeretten uansett kven som bryt han.